

## Årsmelding volleyballgruppa 1982.

Styre 1981/82 har vore:

Formann Anne Torild Ulleberg  
n.formann Inger Anne Rongve Abrahamsen  
Skrivar Ingvild Stuberg  
Kasserar Kari Elvik  
Styremedl. Randi Eikeland

Styret har hatt 5 styremøter og behandla 33 styresaker.

Volleyballgruppa har hatt ein glimrande sesong som har overgått all forventning, noko som me også håpa på.

Jentene:

Har i sesongen delteke i juniormeisterskapet der dei fekk ein fin 4.plass, i Nordhordlandscupen på Sletta vart det seiersplass. I Borgescupen kom dei til kretsfinalen, men her vart dei utslegne av eit lag frå 3.divisjon. Dei spela også i jenteserien og vann samtlege kamper, tapte kun eit sett. I finalen mot jenteserien avd.A vart det tap, men dei kom her heimatt med ein fin andre plass, noko som er bra ettersom det var første året i serien.

Jentene har også vore på treningsleir på Litlabø (Stord) der dei hadde med eigen trenar, samt ein 1.div.spelar frå B.S.I., som også la opp treninga. Dette var nok ein lærerik treningstur, noko som vil koma fram i den inneværande sesong, der mange av jentene vil vera å finna på vårt 4.div.lag. Jentene har også vore balltrillarar for B.S.I. heile sesongen, noko dei har hatt stor nytte av.

Damer:

Damene har i år spela i 5.div.avd.B, der dei vann. Kampen i avd.serien mot Stord tapte me, men begge laga rykte opp til 4. og 5. div. då intressa for volleyball er aukande. Me spela også i Fyllingsdalsturneringa og kom her på ein 3.plass, etter me i første kampen slo ut det laget som seinare vann.

For å styrka økonomien i gruppa har me arrangert dans, loddsalg og kakelotteri. Jentene hadde også kakelotteri til inntekt for treningsturen. For tida er det i gang eit stort loddboksalg, noko me håpar vil visa etter i kassen då økonomien ikkje er av den beste. Laget må satsa på god økonomi for høstsesongen startar for fullt, då tida vert liten for dette i sesongen sitt hardaste opplegg, og då med tre lag i serien.

Valestrandsfossen 4/10-82

Ingvild Stuberg  
skrivar.

Til årsmeldinga vil me tilføye at me dette året har 3 lag med i Osterøy Volleyball. Vi har eit lag i 4 div. eit lag i 5 div. og eit jentelag.

Damene i 4 divisjonen har gjort det veldig bra no i begynnelsen av sesongen dei har vunne alle kampene 3 - 0 som dei har spela. Damene i 5 div. og jentene har vunne kvar sin kamp, på grunn av att vi stiller med nye spelarar begge laga. Me er enno ikkje samspelte nok, og rutinerte nok.

Valestrandsfossen 10 - 11 - 82

f. Lillian Espevoll

Valestrand 19/10-82

## Osterøy Idrettslag.

Volleyballgruppa hadde årsmøte 5/10-82,  
og flg. styre ble valgt:

Formann: Lillian Espevoll, 5248 Haus  
Nestform: Anne-Torild Ulleberg.  
Sekutar: Ingvild Skuberg.  
Kasserer: Solveig Svenheim.  
Styremedl: Hilde Karin Stamnesborgen.  
— " — Anita Verletveit.

Med hilsen  
Ingvild Skuberg